

# FORBRIGDS BRAGE

Rasetypisk  
**Prisvurdering:**  
30 000 kroner

*Raud nordlandshest/ lyngshest  
Vallak, fødd 2013  
Far: Icora Giron Mor: Bolstadstjerna*

## **Omtale og potensiale**

Forbrigds Brage er ei fem år gammel vallak av svært god type. Sterkbygd, harmonisk kropp. Pent hovud, velansatt hals og god overlinje. Føre bein med gode vinklar. Svært gode rørsler. Stamtavla er god med Icora Giron som far og med 1.premiehoppa Bolstadstjerna som mor.

Hesten er sensitiv har gode bevegelser, med potensiale i sport for rett person. Innkøring er starta, men hesten er framleis tidleg i utdanningsløpet.

Kjøpar vil få nødvendig rettleiing på kva trening unghesten bør ha framover.

Du finn stamtavle og utstillingsresutat for hesten på [www.nhest.no](http://www.nhest.no).

Reg.nr.: 578002020133553

Eier: Ole og Nils Elstad Forbrigd, KVAM

Telefon: 905 77 779

Oppdrettar: Ole og Nils Elstad Forbrigd, KVAM



## Utdanning

Hesten har delteke på eit pilotprosjekt for utvikling av unghestutdanning. Prosjektet vert gjennomført ved Norsk Fjordhestsenter hausten 2017 og vinteren 2018, og er eit samarbeid mellom senteret og raselaga for dei nasjonale hesterasane. Målet er å få fram salsklare unghestar.

Utdanningsperioden vert tilpassa kvar hest og alder, men følgjer eit kvalitetssikra utdanningsprogram som sikrar at ein får vurderte eigenskapane og evnene til hesten. Det vert sett individuelle mål for kvar hest. Dette varierer mellom anne med lynne og alder. Alle hestane skal innom følgjande utdanningsområde: Handtering, unghestløype, miljøtrening, trafikk, sosiale ferdigheiter, hovstell/ veterinær el.l., bittrening, leietrening, mønstringstrening, lasting på og av hengar, line og lause drag, køyring og riding (*køyring og riding berre dersom hesten er klar for det*).

Alle hestane har hatt veterinærsekk og hovstell i løpet av treningsperioden. Treningsdagbok vert gjort tilgjengeleg for interesserte under visningsdagen eller ved førespurnad.

## Visning

Forbrigs Brage vert presentert under visningsdag på Norsk Fjordhestsenter søndag 18.3. kl. 12.00. Dersom nokon ønskjer å kjøpe hesten kan de ta kontakt med eigar eller Norsk Fjordhestsenter (Magni Hjertenes Flyum: 934 22 756). Alle bod som kjem inn før visningsdagen må stå til sømdag 18.3.17 kl 15.00.